



# PLANSKILDING



## Kommuneplanens arealdel 2017-2027

**Etter vedtak Bystyret 21.03.17**

Handsaming	Politisk organ	Sak	Dato
1.gongs handsaming	Plan-og miljøutvalet	031/15	26.05.15
2.gongs handsaming	Bystyret	018/16	15.03.16
3.gongs handsaming	Plan- og samfunnsutvalet	036/16	20.09.16
4.gongs handsaming	Bystyret	116/16	20.12.16
5.gongs handsaming	Plan- og samfunnsutvalet	009/17	07.03.17
Endeleg vedtak	Bystyret	018/17	21.03.17

1 Innleiing .....	3
1.1 Bakgrunn og føremål .....	3
1.2 Plandokumenta .....	3
2. Overordna rammer og føringar.....	3
2.1 Plan- og bygningslova .....	3
2.2 Nasjonale føringar .....	4
2.3 Regionale føringar .....	4
2.4 Lokale føringar.....	5
2.4.1 Arealstrategiar:.....	5
2.4.2 Arealtema.....	5
2.4.3 Geografisk avgrensing .....	6
3 Planprosess og medverknad .....	6
3.1 Organisering av arbeidet .....	6
3.2 Medverknad .....	6
3.3 Prosess.....	7
4. Metode for konsekvensutgreiing og ROS-analyse .....	8
5 Planframlegget .....	8
5.1 Bustader og fritidsbustader .....	8
5.2 Småbåthamner og brygger .....	10
5.3 Næring .....	10
5.4 Kulturminne og sjøhusmiljø.....	11
5.5 Omsynssoner .....	12
5.6 Klimatilpassingar.....	14
5.7 Samla konsekvens og verknad av planframlegget.....	16
5.8 Vedlegg .....	16

## 1 INNLEIING

### 1.1 BAKGRUNN OG FØREMÅL

Kommuneplanen er det overordna planverktøyet for kommunen og omfattar samfunnsdel og arealdel. Kommuneplan og økonomiplan gjev saman med statlege føringer og retningslinjer rammer for underordna planar og handlingsprogram. Kommuneplanen sin samfunnsdel med visjon og strategier ligg til grunn for arbeidet.

Kommuneplanens arealdel angir hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer for nye tiltak og ny arealbruk, samt kva viktige omsyn som må takast ved arealdisponeringa.

Den gamle kommuneplanens arealdel er frå 2003. Kommunal planstrategi, som vart vedtatt i 2012, listar revidering av kommuneplanen som eit viktig prioritert plantiltak.

Plan- og miljøutvalet i Flora kommune vedtok 19.03.13 i sak 018/13 oppstart revidering av kommuneplanen, både samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen vart vedtatt i 12.12.13 i sak 171/13. Planprogrammet for arealdelen vart vedteke av bystyret 04.06.13 i sak 052/13

### 1.2 PLANDOKUMENTA

Kommuneplanens arealdel består av følgende dokument:

**Planskildring:** Planskildringa samanfatar bakgrunn og føremål, rammer for planarbeidet, planprosessen og korleis kommunen har arbeidd med medverknad og korleis innspel til planarbeidet er handtert, og innhaldet i og konsekvensar av planen.

**Plankart:** Arealplankartet omfattar heile kommunen og er juridisk bindande for arealbruken i planperioden.

**Føresegner:** Føresegnene utdjupar plankartet, stiller krav til planlegging og arealbruken, og er juridisk bindande. Omfattar både generelle føresegner og føresegner for spesifikke område.

**Konsekvensutgreiing (KU) og risiko og sårbaranalyse (ROS):** Konsekvensane av framlegg til nye byggjeområde i planen er utgreidd med tanke på verknader for natur, miljø og samfunnstryggleik. Utgreiingane er dokumentert og ligg som vedlegg til planen.

## 2. OVERORDNA RAMMER OG FØRINGAR

### 2.1 PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Gjeldande plan- og bygningslov trådte i kraft 1.juli 2009. Dei viktigaste endringane i kommuneplanens arealdel frå den gamle planlova er:

- Kommuneplanens arealdel (kpa) har ei anna inndeling av føremål i høve til tidlegare, og skil klarare mellom hovudformål og underformål. Hovudformåla er felles for både kommuneplan og reguleringsplan.
- Klimaomsyn skal ha sterkt fokus. Dette gjer seg konkret utslag i krav om omsynssoner. Plankartet skal vise soner med særlege omsyn og restriksjonar for korleis areala kan brukast. Innhaldet i omsynssonene kan presiserast gjennom retningslinjer og føresegner.
- Det kan gjevast generelle føresegner til kpa som kan erstatte kommunale vedtekter.
- Det kan gjevast fleire typar føresegner for å utdjupe arealformåla i kpa.
- Vilkår for å gje dispensasjon er gjort klarare.
- Plankartet er oppdatert i samsvar med dei nye arealformåla og gjeldande teiknereglar (SOSIstandard). Det er innført ei rekke nye omsynssoner. For skildring av dei enkelte føremåla og omsynssonene, sjå kap. 4 oversikt over planframlegget.

## 2.2 NASJONALE FØRINGAR

På statleg nivå er det gjeve ei rekke signal om kva departementa ønskjer eller krev frå den kommunale planlegginga:

- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2011)
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane (2009)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2011)

Føremålet med differensiert forvaltning av strandsonen er å ikkje legge like strenge restriksjonar på strandsona i kommunar utan generelt arealpress. Flora kommune er i kategori 3 og har difor det mildaste kravet til korleis strandsona skal forvaltast. Flora kommune ønsker å nytte desse retningslinjene til å vere lempelegare med nybygging og bruksendring i utbygde områder og samtidig unngå privatisering av områder som vert nytta til allmenn sjøtilgang i dag eller kan bli det i framtida.

## 2.3 REGIONALE FØRINGAR

Planar på fylkesnivå legg føringar og gir retningslinjer for arealdisponeringa i Flora kommune.

- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane (2014)
- Fylkesdelplan for arealbruk (2000)
- Fylkesdelplan for klima og miljø (2009)
- Fylkesdelplan for landbruk (2002)
- Regional plan for vasskraft (2012)
- Regional plan for vindkraft (2011)
- Regional transportplan (2013)

- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2013)
- Interkommunal strategisk næringsplan for Sunnfjord (2014)
- Interkommunal planstrategi for SIS-kommunane (2012)

## 2.4 LOKALE FØRINGAR

[Kommuneplanen sin samfunnsdel](#) med visjon og strategier ligg til grunn for arbeidet.

### 2.4.1 AREALSTRATEGIAR:

[Planprogrammet for arealdelen](#) vart vedteke av bystyret 04.06.13 i sak 052/13. Det fastslo følgande overordna arealstrategiar:

- Kommande arealplan skal bygge på og oppdatere eksisterende kommuneplan, som gjeld for perioden 2002-2013.
- Næringsareal skal vurderast ut i frå fokus på god infrastruktur med god tilgjenge samt gode løysingar for trafiksikkerhet for gåande og syklende med hensikt at man minimerer transport gjennom tettbygde områder.
- Flora kommune skal gjennom arealplanlegginga byggje opp under eksisterande sosial og teknisk infrastruktur og søke effektive løysingar for å samordne kommunikasjon og arealbruk.
- Kommunen skal i si arealplanlegging leggje til rette for vekst i tilknytning til eksisterande kommunesenter, områdesentra og bygder, og gje høve for utviding for eksisterande næringsverksemd. Samstundes skal kommunen gjennom arealplanlegginga stimulere nyetableringar og auke i folketalet gjennom utbygging i vekstområde langs viktige kommunikasjonsaksar.
- Arealplanlegginga skal både sikre offentleg tilgang til strandsona og til verdifulle natur- og kulturlandskap, og samtidig vurdere eksisterande bebygde og potensielt nye strandnære byggeområder. Det vil vere viktig å sjå arealbruk på land i samanheng med arealbruk i sjø.
- Det skal avsetjast naudsynt areal til offentleg infrastruktur i samband med ytterligare nye byggeområde og desse skal ha høg grad av attraktivitet med god tilgjengelighet samt gode løysingar for trafiksikkerhet for gåande og syklende med hensikt at man minimerer transport gjennom tettbygde områder.

### 2.4.2 AREALTEMA

Planprogrammet sa at følgande tema skal ha særskilt fokus:

- Areal til bustad- og fritidsbustad utanfor sentra med eigen kommunedelplan.
- Strandsone langs sjø og vassdrag

- Næringsområde på land og sjø<sup>1</sup>
- Samferdsel og infrastruktur
- Kultur, friluftsliv, landskap og grønstruktur
- Naturfare

#### 2.4.3 GEOGRAFISK AVGRENSING

Arealdelen dekkar heile kommunen med unntak av dei områda som er omfatta av kommunedelplanar. Desse er markert i kartet.

[KDP Florelandet Brandsøy 2006-2018:](#)

[KDP Eikefjord 2014-2024](#)

[KDP Stavang 2004-2016](#)

[KDP Florø sentrum \(Sentrumsplanen\) 2012-2016](#)

Alle reguleringsplanar blir vist på kartet med hovedformål-farge og plan-ID.

### 3 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

#### 3.1 ORGANISERING AV ARBEIDET

Plan- og miljøutvalet har vore styringsgruppe for arbeidet. Rådmannens plan- og samfunnsavdeling har stått for hovedutforming av kart, andre plandokument og koordinering av arbeidet.

Det er leigd inn følgende tenester:

-Norconsult: Utarbeiding av KU og ROS for nye byggeområder, plassering av byggegrensar mot sjø og generell planretteiing.

-Nordplan: Utarbeiding av rapport; registrering og vurdering av sjøhus- og naustmiljø. Bistand i å innarbeide innhald i føresegner og retningslinjer.

-Norkart: Kartteknisk bistand

#### 3.2 MEDVERKNAD

Kommunen har ønska å lage ein mest mogeleg aktuell plan, og heller ikkje bruke unødige ressursar på å vurdere "uaktuelle" areal. Ein har difor gått breitt ut for å samle innspel frå folk i heile kommunen. I juni 2013 blei det difor arrangert møter med alle grendalag i kommunen, der det blei orientert om arbeidet

---

<sup>1</sup> Vurdering av sjøareala skal bygge på eksisterande kunnskapsgrunnlag. Det blir lagt opp til å revidere sjøareala på nytt seinare, i samband med pågåande kartlegging av sjøområda (Marine Grunnkart) i samarbeid med nabokommunar og Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

med revidering av kommuneplanen og samla innspel. Det kom og inn mange nye innspel og/eller rettingar i etterkant av desse møta. Alle eksisterande LNF bustad og næring har og blitt konsekvensutgreidd for fritidsbustad i tillegg. Rådmannen og styringsgruppa har og lagt til nokre areal før KU.

Alle innspel har blitt digitalisert og gjort tilgjengeleg gjennom kartportalen på nett og Kommunekart-appen. Det er orientert om framdrift på kommuneleiinga sine regelmessige møter med grendalaga (2 møter årleg).

### 3.3 PROSESS

Etter ei grovsiling av totalt 218 innkomne innspel til kommuneplanarbeidet, vart innspel openbert i strid med vedtekne arealstrategiar i planprogrammet silt ut i eit prosessvedtak i Plan- og miljøutvalet 16.09.14. I (fleire av) innpela var det ynskje om ulike arealføremål og i grovsilinga vart det avklart kva for arealføremål som skulle utgreiast. Fleire av tiltaka/arealføremåla er vurderte saman og det har resultert i 168 område/føremålsendring som har vore utgreidd i høve konsekvensar og ROS. KU og ROS angir anbefaling om tilråding eller ikkje, samt forslag til endringar og reduksjonar. Vurdering av dei einskilde områda er omtala spesifikt i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen, som ligg i heilskap ved.

LNF 1-soner frå gjeldande plan som tillet bygging av bustader og næringsbygg, er konsekvensutgreidd til også å omfatte fritidsbustader. På bakgrunn av KU, ROS og dialog med Fylkesmannen er mange av desse areala kraftig reduserte og til dels justerte/utvida.

Innspel	Antal	Tilrådd	Avvist
Totalt	218		
Silt ut før KU	50	16 pga eksisterande tiltak	34
KU	168	149	19
		165	53

Etter 1.gangs høyring var der motsegner frå Fylkesmannen (48), Fylkeskommunen (3), Kystverket (1) og Mattilsynet (1). Gjennom totalt 3 høyringsrunder og dialogmøter, synfaringar og mekling er motsegnene fjerna bortsett frå 1 stk (C2) som går til departementet for avgjerd.

## 4. METODE FOR KONSEKVENSGREIING OG ROS-ANALYSE

Dette kapitlet inneheld metode for konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). I tråd med ny plan og bygningslov § 4-2 skal det for alle kommuneplanar som set rammer for framtidig utbygging, utarbeidast ei særskilt vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn; konsekvensutgreiing (KU). Ved utarbeiding av planer for utbygging, skal det utarbeidast ein risiko og sårbarhetsanalyse(ROS) i samsvar med pbl § 4-3. Målet med analysen er å etablere ei systematisk tilnærming til fare og framtidige uønska hendingar, slik at nødvendige risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Føremålet er å vurdere verknader av ny arealbruk for miljø og samfunn, for å ta stilling til om, og eventuelt kva for tiltak som må til for at planen kan gjennomførast. Heile dokumentet med KU og ROS ligg vedlagt.

## 5 PLANFRAMLEGGET

Flora kommune har per 01.01.14 11779 innbyggjarar fordelt på 692 km<sup>2</sup>. Det er med andre ord ein stor kommune arealmessig. Innbyggartalet har vore svakt stigande i mange år. Kommunen er ein sterk næringskommune med stor aktivitet innanfor marine og maritime næringar. Det er relativt sett lite offentlege arbeidsplassar i kommunen.

Hoveddelen av innbyggjarane bur på Florelandet-Brandsøy. For dette området er det eigen kommunedelplan (2007). Det er og ein relativt fersk kommunedelplan for Florø Sentrum (2012), samt kommunedelplanar for tettstadane Eikefjord (2014) og Stavang (2005).

Planframlegget omfattar difor Florø sitt omland. Hovedutfordringane er tilrettelegging for bustader og fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur (kai, veg, avløp, straum), næringsaktivitet i og ved sjø, samt forvaltning av viktige natur- og kulturområde.

### 5.1 BUSTADER OG FRITIDSBUSTADER

Det største trykket når det gjeld bustadbygging og næringsutvikling kjem innanfor områda der det i dag er kommunedelplanar. Her er det lagt til rette for gode arealreserver for å ivareta auka folkesetnad og næringsutvikling.

Denne kommuneplanen skal styre arealbruken og legge til rette for utbygging i Florø sitt omland. Flora utanfor Florelandet-Brandsøy består av fleire mindre grender i fjordane, dalane og på øyane. Eit hovudgrep i planen er i stor grad bruke arealkategorien LNF Spreidd Busetnad. Dette er ei vidareføring av ein langsiktig strategi, og baserer seg på LNF sone 1 for bustad og næring frå den førre arealdelen. På denne måten legg ein opp til å gje rom for fleksibel utbygging rundt sentrale møteplassar i desse grendene, slik som mindre sentrumsområder, rutebåtkaier, butikkar, grendaskuler og grendahus. Det er ein klart bevisst strategi at LNF Spreidd er konsentrert rundt slike sentrale møteplassar og anna eksisterande infrastruktur. Trenden dei siste åra, som alle andre stader, har vore ei sentralisering. Dette har ført til at sidan 2004 er 6



grendaskular nedlagde, der er 3 igjen. At skulane forsvinn er sjølvstøtt svært negativt for folketalsutviklinga i grenda. Tidlegare bustadhus har blitt fritidsbustader.

Men det har gradvis kome ein ny trend dei siste åra, nemleg at skillet mellom bustad og fritidsbustad blir mindre tydeleg. Folk brukar fritidsbustaden meir, særleg dersom fritidsbustaden er innanfor kort reiseavstand. For Flora sin del blir dette ekstra tydeleg på øyane. Øyane representerer nemleg noko anna enn fastlandet, men avstanden er kort og kommunikasjonen god. Dette betyr at ein har sjanse til å bruke fritidsbustaden i øyane i dagleglivet. Stadig fleire vel å bruke fritidsbustaden meir i vinterhalvåret og i randsonene til feriane. Der er og fleire døme på at folk har valt å ta i bruk fritidsbustaden til permanent bustad. Fleksibel arbeidsgjevar, arbeidstid, gode båtruter og betre digitale kommunikasjonar har gjort dette mogeleg. Dette er ein gledeleg trend som motverkar noko av den negative effekten av nedlagde grendaskular. Tidlegare var ein i grendene veldig fokusert på å få fastbuande, medan hyttefolk var mindre attraktive. Dette har endra seg, no ser ein alle bidrag til utvikling av grenda som positivt. Særleg gjer dette seg utslag i grender med nærbutikk/kro. Desse stadane er viktige sosiale samlingspunkt. Fleire folk aukar grunnlaget for drift, og folk utanfrå bidrar til nytenking og positivitet.

Arealformålet LNF Spreidd for bustad, fritidsbustad og næring gjev fleksibilitet for bygging av ulike typar bygg. Dei er og meint å fungere som ei tiltrekningskraft for å få folk til å etablere seg i dei mindre grendene, for nettopp å motverke noko av dei sterke sentraliseringskreftene. Ein del av dette bildet er og at kommunen ønsker å ta vare på og stimulere til ein auka bruk av gamle sjøhus. For mange av desse kan ny bruk føre til både at bygga blir tatt vare på, i tillegg til meir aktivitet i grenda. I dei tilfella der det er ønske om tettare og meir intensiv bygging i LNF Spreidd, stillast krav til plan.

I planprosessen har det vore vurdert mange areal for fritidsbustader. Generelt så stiller vi om lag same krav til fritidsbustader som til bustadhus når det gjeld forhold til gjeldande busetnad og eksisterande infrastruktur. Mange av areala er silt bort, og for dei største/mest kompliserte er det stilt krav om reguleringsplan.

### ***Arealreknescap bueningar***

Kommuneplanens arealdel sine store hovedutfordringar er å balansere det å ivareta naturkvalitetane og samtidig auke attraktiviteten for busetnad og næring i grendene. Planen skal gje styring, men den skal og gje fleksibilitet. Det er nærast umogeleg å vite i kva grender bygging og nyatablering skjer, og det er avgjerande viktig at der er tilgjengeleg byggeland i planen for å ivareta det behovet som dukkar opp. Difor er det nødvendig å planlegge med ein relativt stor overkapasitet. I grendene handlar det i stor grad om å bruke arealformålet LNF Spreidd bustad, fritidsbustad og næring. Dette arealformålet er konsentrert rundt allereie eksisterande grendeklynger og veg/infrastruktur. Arealformålet opnar for spreidd bygging av alle desse kategoriane. Innafor kvart delområde blir antal einingar avgrensa i føresegnene og det blir teikna inn eller tekstleg angitt byggegrensar mot sjø. På denne måten opprettheld ein attraktiviteten og samstundes styrer arealbruken i områder der det ikkje er utbyggingspress (jfr 2.4.1 Arealstrategiar, som viser til Planprogrammet).

## 5.2 SMÅBÅTHAMNER OG BRYGGER

Flora er ein kystkommune, og bruken av sjøen både til yrke og fritidsbruk er viktig. Mange stader er båt einaste og lettaste framkomstmiddel. Ein god båtplass er difor i mange tilfelle å ansjå som ein nødvendig del av infrastrukturen, på lik linje med veg og VA. For ein båtplass er det kritisk viktig at den er god, dvs at den gir best mogeleg le mot veret. Dette kriteriet skal difor vege tungt i alle saker der småbåthamn eller flytebrygger er tema, både i kommuneplan og dispensasjonssaker. Kommunen stiller og eit generelt krav om fellesløysingar der dette er mogeleg. I tilknytning til LNF Spreidd har vi prioritert nokre områder for arealformål Naust og/eller områder for arealformål Småbåthamn. I dei tilfella der det av fleire årsaker ikkje er mogeleg med fellesløysingar og der gode bryggeplassar ligg i LNF-kategorien, bør terskelen for å tillate dispensasjon vere lågare.

## 5.3 NÆRING

Areal for næringsutvikling er for Flora, som for alle andre kommunar, viktig. Desse grunnleggande rammene for utvikling skal vere på plass i kommuneplanen. I den nyleg vedtatte områdereguleringsplan Florelandet Nord (2014) er det ferdig regulert nærare 1000 da næringsareal for å imøtekomme både maritime, marine og andre næringar sine behov. I den ferske kommunedelplan Eikefjord (2014) er det og avsett ca 100 da nytt næringsareal.

LNF Spreidd som i stor grad er brukt i grendene, tillet næringsetablering. Det lar seg vanskeleg gjere å forutseie kva type verksemder og i kva grender det kan vere snakk om. Stor og støyande næringsverksemd blir henvist til eigna areal, alternativt stilt krav til reguleringsplan. For sjørelatert næringsverksemd blir det i føresegnene gjort unntak frå byggegrense mot sjø.

**Akvakultur** er ei viktig næring for Flora. Den gir både direkte sysselsetting, store ringverknader og totalt sett stor verdiskaping for heile samfunnet. Samtidig er det ei arealkrevande og til dels konfliktskapande næring. Det er difor viktig å finne ein balanse for å ivareta fleire omsyn. Det vart gjort ein grundig kystsoneanalyse i forkant av planen i 2003. Hovedtrekka i denne vert vidareført, med oppgradering og justering i forhold til utviklinga i næringa. Fleire av dei områda som erfaringsmessig har vist seg som lite eigna oppdrettslokalitetar er tatt ut, ein reservelokalitet er foreslått gjort permanent og der er forslag om ein ny lokalitet. Akvakulturområda er i hovedsak lagt inn som einkategori-formål til skilnad frå førre plan der det var store areal med fleirbruksformål. Nokre stader kjem akvaområda inn i ankringsområder og rekefelt, her er laga kombinerte formål.

Det er påbegynt eit større kartleggingsarbeid for å lage Marine grunnkart i kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje. Dette vil vere nødvendig kunnskapsgrunnlag for revidering av sjøområda om nokre år. Samtidig kan det sjå ut til å bli store endringar i næringa dei neste åra, der meir produksjon kan bli flytta på land og ny teknologi kan opne for meir bruk av lukka anlegg. Det er vanskeleg å forutsjå utviklinga og lage gode oppdaterte arealplanar for ei næring med så store endringar. Kombinert med nye marine grunnkart er det difor viktig å relativt raskt vurdere sjøområda på nytt. I ein overgangsfase er det og viktig å vere

noko meir lempeleg på krav til dispensasjon for nye tiltak med miljøvenleg, innovativ teknologi, t.d. funksjonelle lukka anlegg eller bruk av områder til taredyrking.

**Skogbruksnæringa** blir i vår region større og viktigare dei kommande 20-30 åra. På grunn av den store skogplantinga etter krigen og framover, vil mengden hogstmoden skog auke kraftig fram mot 2050. Det er regionhamn for utskiping av tømmer i Eikefjord. Denne er under utviding, og dette er tatt inn i plankartet. Ein kritiske flaskehals i dette systemet er Fv 542 mellom Eikefjord og tømmerkaia, som har avgrensing i forhold til tømmertransport og lange vogntog. Det er viktig å arbeide for ei oppgradering av denne vegen. Slike omsyn vil og bli tatt ved den pågåande utarbeidinga av reguleringsplan for gang-/sykkelveg Eikefjord-Kvalvika.

#### 5.4 KULTURMINNE OG SJØHUSMILJØ

Flora kommune har valt å ikkje ha eigen kommunedelplan for kulturminner. Kommunen meiner at kulturminna kan forvaltast på ein betre måte gjennom rette verkemiddel i kommuneplanens arealdel kombinert med utarbeiding av ein konkret og praktisk retta Handlingsplan for kulturminner (vedlegg 5.8.3).

Flora kommune har nokre særleg viktige automatisk freda kulturminner, som er gitt ekstra vern gjennom omsynssoner for bandlegging etter kulturminnelova (H730). Sjå oversikt under kapittel 5.5 *Omsynsoner*.

Der er vurdert og valt ut nokre ekstra verdifulle områder som skal takast vare på gjennom omsynssone kulturlandskap (H550), sjå 5.5 *Omsynssoner*. Men mesteparten av kulturlandskapet, t.d. kystlynghei som krev beiting, meiner vi blir godt nok ivareteke gjennom omsynssoner *kjerneområde landbruk H510*.

Flora kommune har eit stort utval av til dels godt bevarte krigsminner frå andre verdskrigen, i all hovudsak tyske bunkersar og festningsanlegg/stillingar. Gjennom prosjektet *Lokal registrering av nyare tids kulturminner* har alle blitt registrert i Kulturminnesøk. Alle ligg innanfor KDP Florelandet Brandsøy og KDP Florø Sentrum, og har delvis vern gjennom omsynsoner. Ved revidering av desse planane, skal ytterlegare plantiltak, t.d. fleire omsynssoner vurderast. Kommunen har eit godt samarbeid med Flora Krigshistorielag som gjer mykje viktig arbeid med restaurering og formidling av krigsminna.

Gjennom *Lokal registrering av nyare tids kulturminner* vart det også registrert inn eit større antal andre nyare tids kulturminner. Desse ligg i Kulturminnesøk, og vil bli ein del av vurderinga ved all tiltakshandsaming.

I samband med utarbeiding av denne kommuneplanens arealdel er det utarbeidd ein *Handlingsplan for kulturminner* (vedlegg 5.8.3). Denne omfattar også kulturminner som ikkje blir fanga opp i kommuneplanens arealdel.

**Sjøhusmiljøet** er ein viktig del av identiteten til kystkommunen Flora. Der står mange større og mindre sjøbuer som ikkje lenger har nokon funksjon. Konsekvensen av dette er at dei sakte men sikkert forfell og til slutt fell ned og blir borte. Kommunen ønsker at desse bygga skal bli tatt vare på, og har difor som ein del av arbeidet med denne kommuneplanen fått utarbeidd ein rapport med fagleg vurdering av sjøhusmiljøa (vedlegg 5.8.2). Rapporten dannar grunnlag for å lage føresegner som gir føringar for bruk og

vern. Det er hovedsakleg to forhold som avgrensar handlingsrommet til eigarar av slike bygningar; allmenn ferdsel i strandsona og verneverdi på bygningen. Dei differensierte strandsoneretningslinene, der Flora ligg i den "snillaste" sona opnar for meir liberale reglar i strandsona. Planen skal gje rammer for bevaring, fornying, bruksendring og nybygging. Innanfor arealkategorien *Sentrumsformål* og *LNF Spreidd* gjev planen rom for bruksendring av sjøhus til bustad, fritidsbustad og utleige/næring. Aktuelle sjøhus er fordelt slik:

Stad	Arealformål	Tal
Fanøy	S1	3
Rognaldsvåg	S2	14
Hovden	S3	5
Askrova	SPB6	2
Svanøy	SPN2	1
Barlindbotn	SPN4	2
Sum		27

Aktuelle sjøhus er og kartfesta i *Vedlegg 5.8.8 Illustrasjon lokalisering sjøbuer*. Føresegnene knytt til desse sjøbuene er så presise og strenge for kva som kan tillatast med aktuelle sjøbuer at det fungerer som eit godt vern av desse. I tillegg er her lagt på omsynssone H570. Generelt bør alle desse sjøbuene bli prioritert ved søknader til kulturminnefondet.

### Sjøhusmurane

Dei aller fleste sjøbuene som har vore i Flora kommune er borte, enten ved at dei vart flytta den gongen sildefisket stagnerte eller ved at dei i seinare år har blitt borte pga manglande bruk og vedlikehald. Igjen står fleire hundre sjøhusfundament, for det meste under vatn. Flora kommune ønsker å gjere noko meir ut av desse fantastiske kulturminna. Kommunen er open for gode prosjekt som er både historisk og arkitektonisk gjennomtenkt, og meiner at det då bør vere opning for å tillate nye bygg på gamle sjøhusmurar.

## 5.5 OMSYNSSONER

Det er lagt inn omsynssoner etter plan- og bygningslova §11-8 i plankartet. Omsynssonene viser viktige omsyn og interesser som gir avgrensingar for arealbruken, eller gir andre føringar for korleis arealet kan nyttast. Omsynssonene i plankartet er ikkje uttømmende for kva omsyn ein må vurdere i vidare sakshandsaming. Til omsynssonene er det gitt føresegner eller retningslinjer.

**-H110 – Sikringszone:** Koden er nytta for nedslagsfelt til drikkevatt.

**-H310-320– Ras- og skredfare:** Skred- og rasfare er ikkje kartlagt i detalj i kommunen. Innanfor enkelte områder er der gjort faresonekartlegging, særleg gjeld dette innanfor KDP Florelandet Brandsøy. Aktsemdområde for Snø- og steinsskred frå NGI er nytta der det er kartlagt aust i kommunen. Der denne kartlegginga ikkje finst er det nytta aktsemdområde for steinsprang og for snøskred frå nyare, grovare kartlegging. Jord- og flaumskred er henta inn for heile kommunen. Dataene er henta frå [www.skredatlas.no](http://www.skredatlas.no) og visast som faresone H310 i plankartet.

**-H370 – Høgspenningsanlegg:** Etter anvisning frå NVE er det berre sentral- og regionalnett slik det er vist i NVE sin kartløyning som har fått faresone i kartet. Det er lagt ein 50m buffer ut frå senterline på regionalnettet. Lokale liner er vist som line i kartet.

**-H510 – Omsynssone landbruk:** Avgrensing av omsynssoner for landbruk er basert på manuskart for kjerneområde landbruk utarbeidd av kommunen, samt statlege retningslinjer.

**-H530 – Omsynssone friluftsliv.** Desse er basert på FRIDA-databasen til Fylkesmannen som viser lokalt viktige friluftsområder og regionalt viktige friluftsområder frå Fylkesdelplan for arealbruk, 2000. Flora kommune er med i eit pågåande prosjekt i samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune for å revidere desse områda.

**-H550 – Omsynssone landskap.** Desse er basert på *Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane – Prioriterte områder (1993)*. H550 Grøndalen og H550 Kinn.

**-H560 – Omsynssone naturmiljø:** Til grunn for omsynssone naturmiljø ligg kartlegging av naturtypar i viktige og svært viktige område (A- og B-verdi) i Naturbase (Direktoratet for naturforvaltning). I Flora kommune vart det i 2007 gjort ei omfattande naturtypekartlegging. I tillegg er det lagt inn nokre C-verdiområde der desse er i nærleiken av aktuelle byggjeområde. I sjø er gyte- og oppvekstområde for fisk lagt i denne omsynssona. Område verna etter Naturvernlova/Naturmangfaldlova er naturreservat vist som bandleggingssone H720.

**-H570 – Omsynssone kulturmiljø:** Kulturmiljø er digitalisert frå administrativt utarbeida forslag til kulturmiljø som skal inn som omsynssoner i planen. Det gjeld i hovudsak utvalde viktige sjøbuer og sjøhusmiljø.

H570\_1: Hovdevåg, H570\_2: Barekstad, H570\_3: Fanøy, H570\_4: Rognaldsvåg, H570\_5: Tansøy

**-H710 - Område bandlagt for regulering:** I forbindelse med utarbeiding av områdereguleringplan Florelandet Nord vart det vedtatt å låse bruken av dei tilliggande øyane Rota og Naustholmen gjennom bruk av bandleggingssoner for framtidig regulering.

**H720 – Bandlagt etter naturvernlova:** Bandlegginga gjeld Naturreservat, avgrensingar er henta frå Fylkesatlas.

**-H730 – Bandlagt etter kulturminnelova:** Gjeld automatisk freda kulturminne- og vedtaksfreda kulturminneområde. 1-10 er synlege gravrøyser.

H730\_1: Nordre Nærøy, H730\_2-5:Årebrot, H730\_6: Reksta, H730\_7: Store Kroksøya, Hovden, H730\_8: Askrova aust, H730\_9: Steinaneset, H730\_10: Svortevika, H730\_11: Ytterøyane fyr, H730\_12: Stabben fyr, H730\_13: Svanøy Hovedgård, H730\_14: Stakaldeneset, H730\_15: Kinn kyrkje, H730\_16: Villevika

Helleristningsfeltet i Ausevik er ivaretatt gjennom reguleringsplan.

**-H740 – Bandlagt etter anna lovverk:** Gjeld konsesjonssøknadar for vasskraft og for verna vassdrag.

**-H810 – Gjennomføringssone:** Krav om felles planlegging.

## 5.6 KLIMATILPASSINGAR

I kommunen sitt arbeid med klimatilpassing er rapporten «Klima i Norge 2100» lagt til grunn. Denne rapporten gjev grunnlagsinformasjon for klimatilpassing i Norge, og vil vere førande for mellom anna korleis ein skal tilpasse arealplanlegging til dei utfordringane kommunane står ovanfor.

For å sjå på framtidig klima er perioden 1971-2000 brukt som normalperiode, og det er brukt 3 ulike «utsleppscenarior». Kort fortalt er RCP2.6 et utslippsscenario som krev drastiske kutt i utslepp av klimagassar, RCP4.5 krev betydelege kutt, medan RCP8.5-scenariot inneber at auken i utslepp fortsetter omtrent som no. Rapporten tek ikkje stilling til kva scenario som skal nyttast vidare. Sett i lys av kompleksiteten i høve å få fram avtaler om kutt i utslepp av klimagassar, og dei omfattande samfunnsendingane som må til for å nå føresetnadane for scenarioa RCP2,6 og RCP4,5 er truleg det mest realistiske å legge til grunn RCP8.5-scenariot i planlegginga.

Det er derfor dette scenariot som er lagt til grunn i dette planarbeidet. For den regionen som Flora kommune ligg i vil klimaendingane fram til 2100 med RCP8.5-scenariot ha følgjande hovudtrekk:

- Temperatur (temperaturregion «Vestlandet»)
  - Ein vil få ei auke i årsmiddeltemperatur på 3,9 °C dersom ein legg til grunn medianverdien. Det er ein svak trend mot at temperaturen aukar mest på vinteren og minst om sommaren, men forskjellen er relativ liten.
  - Talet på varme dagar (definert som dagar med middeltemperatur over 20° C) vil truleg endre seg frå 0-1 i normalperioden 1971-2000 til 5-10 i 2100.
  - Talet på dagar med snødekke vil gå ned med mellom 90 og 120 dagar.
- Nedbør (regionen Sogn og Fjordane/Nordhordaland)
  - Ein vil få ei auke i total nedbørmengde på 17% i høve normalperioden 1971-2000 dersom ein legg til grunn medianverdien. Auken vil vere minst om våren (8%) og størst om sommaren (16 %).
  - Auke i talet på dagar med kraftig nedbør med 86% (årsverdi for medianen) i høve normalperioden 1971-2000 dersom ein legg til grunn medianverdien. Det vert og ei auke på 14 % (årsverdi for medianen) i mengda med nedbør på dagar med kraftig nedbør.
- Vind (Norge)
  - Det vert berre vist til små endringar både i middelvind og i store vindhatigheiter. Det vert visst ei svert svak minking i medianverdien for vindhastigheita som overskridast i 1 % av tida. Tendensen til lågare verdiar er sterkast vår og sommar. Vinterstid er det derimot ein tendens til auke i medianverdiane.

Manglande kjennskap til framtidens utslipp av klimagassar og -partiklar, kombinert med manglar og forenklingar i klimamodellane, gjer klimaframskrivingane usikre og det er vanskeleg å få nøyaktige tal for dei endingane ein står overfor. Trendane er imidlertid tydelege i forhold til at klimaet går mot auka

temperatur med alle endringar dette fører med seg. Kommunen tilrår at ved ny kunnskap så skal denne leggjast til grunn.

### Stormflo og havnivåstigning

Flora kommune er ei kommune som strekkjer seg frå øyane i vest, til fjordane i aust. Dette gjer at stormflo og havnivåstigning vil påverke store delar av kommunen. Ved handsaming av nye reguleringsplanar og byggesaker er det viktig at det vert teke tilfredstillande omsyn til dette, for å unngå at det vert bygd inn samfunnssårbarheit.

Ved berekning av stormflo-nivå er det framskrivingane sin øvre grense (95-persentilen) for år 2100 i RCP8.5 senarioet som skal leggjast til grunn, slik det går fram av den nye rettleiaren "Havnivå- og stormflo" frå DSB (sept. 2016). I tabellen for Sogn og Fjordane er det lagt til grunna følgjande verdiar for Flora kommune:

	Returnivå stormflo (cm over middelvassnivå)			Havnivåstigning med klimapåslag	Korreksjon for NN2000
	20 år	200 år	1000 år		
<b>Flora kommune</b>	148	161	169	74 cm	4 cm

I tillegg må det takast omsyn til lokale forhold, og for Flora kommune sin del vil dette i hovudsak være tillegg for bølgepåverknad. Ein får då følgjande formel for utrekning av stormflo:

**Stormflo = Returnivå for stormflo + Havnivåstigning 95 persentil – korreksjon for NN2000 +signifikant bølgehøgde.**

I kommunen vil det være stor forskjell på bølgepåverkanden i vestre og austre delar av kommunen. Dette gjer at det vil være tenkeleg å dele opp kommunen i høve berekning av stormflo.

Dei utrekna høgdeverdiene i tabellen går ut i frå NN2000	Øyane	Resten av kommunen
<b>Tryggleiksklasse F1</b>	Kote 3,40	Kote 2,80
<b>Tryggleiksklasse F2</b>	Kote 3,50	Kote 2,90
<b>Tryggleiksklasse F3</b>	Kote 3,60	Kote 3,00
Signifikant bølgehøgde lagt til grunn for verdiene	120 cm	60 cm

Ved utforming av føresegnene vil det på grunn av kommunen si utstrekning være tenkeleg å opne for at verdiane vist til i tabellen ovanfor kan fråvikast, både mildare og strengare, dersom det vert dokumentert at andre verdjar kan leggjast til grunn. Ved fråvik skal grunngjeving dokumenterast.

## Skred og flaum

Det er i plankart og føresegnene lagt inn oppdaterte omsynssoner for skred og flaum (NVE sine aktsemdkart for jord- og flaumskred 2014) med relevante føresegner.

## 5.7 SAMLA KONSEKVENNS OG VERKNAD AV PLANFRAMLEGGET

Alle forslag til nye område avsett til utbyggingsføre mål, endra utbyggingsføre mål, LNF Spreidd bygging, bandlegging og endring i føresegner er konsekvensutgreidd, jfr §4-2. Kvart enkelt areal er så tilrådd, ikkje tilrådd eller tilrådd med forslag til endringar. Planframlegget er så justert på bakgrunn av konsekvensutgreiinga, politisk styring frå Plan- og miljøutvalet og dialog med Fylkesmannen og Fylkeskommunen.

ROS-analysen er gjennomført i 3 trinn; farekartlegging, sårbarheitsvurdering og forslag til risikoreduserande tiltak og oppfølging i plan. For dei enkelte områda er vurdering gjort saman med KU, slik at tilrådinga er resultat av ei heilskapleg vurdering .

Heile dokumentet med KU og ROS ligg vedlagt (5.8.1).

## 5.8 VEDLEGG

### 5.8.1 KU og ROS

### 5.8.2 Forvaltning og utvikling av sjøhus i Flora (Nordplan, 2015)

### 5.8.3 Handlingsplan for kulturminner (2016)

### 5.8.4 Oppsummering fråsegner med rådmannens kommentarer

### 5.8.5 KU Marint naturmangfald Veiesund

### 5.8.6 Oversikt alle areal

### 5.8.7 Illustrasjon lokalisering sjøbuer